



**BØMLO KOMMUNE**


**Ordføreren**

Direkte telefonnr.:  
53423010

Vår dato:  
22.06.2006

Vår referanse:  
2005/242-0/032

Finansdepartementet v/ Kristin Halvorsen  
Postboks 8008 Dep.  
0030 Oslo



**UTTALE I SAMBAND MED HØYRING AV NOU 2006. REDERISKATTEUTVALET  
SI INNSTILLING**

Bømlo kommune oversender vedlagte uttale i samband med høyring av NOU 2006  
Redereiskatteutvalet si instilling.

Uttalen vart samrøystes vedteken.

Med helsing  
Ordføreren i Bømlo

Inge Reidar Kallevåg

## **UTTALE I SAMBAND MED HØYRING AV NOU 2006: REDERISKATTEUTVALET SI INNSTILLING.**

### Forslag til vedtak:

Bømlo kommune uttaler ifg. NOU 2006 Rederiskatteutvalets innstilling

1. Eit fleirtal i Scheldrup-utvalet hevdar at me ikkje har ei genuin maritim klynge i Noreg. Dette må etter vårt syn ta utgangspunkt i ein teoretisk definisjon av kva ei klynge er og som me ikkje kjenner oss igjen i. Skipsfarten er etter vår meining svært viktig for mykje av den landbaserte maritime næringa. Dette dreier seg om bank- og meklartenester, verft, skipskonsulentar og ulike typar bedrifter innan leverandørindustrien. Eidesvik Offshore har sitt hovudkontor på Bømlo og har under bygging 3 nye skip ved verft i vår region.
2. Me føler det no trist at eit fleirtal i Scheldrup-utvalet på ny skapar usikkerheit omkring sjøfolka sine rammevilkår ved å foreslå eit bortfall av nettolønsordninga. Dette kan på ny truga den svært så positive utviklinga me har sett dei siste åra innan denne næringa. Etter at norske sjøfolk i offshoreflåten for berre få år sida fekk nettolønn på line med andre europeiske sjøfartsnasjonar, er det i vår region blitt ein auke på 378 stillingar for norske sjøfolk. Bømlo kommune er ein av dei største bustadkommunane for sjøfolk i landet.
3. Noreg er framleis ein leiande internasjonal skipsfartsnasjon. Skipsfarten er ei fullt ut globalisert næring og har i alle tider vore det. Den har gitt Noreg erfaringar og kunnskap som og har komme anna næringsliv til gode. Slik sett gir skipsfarten eit nasjonalt konkurranseføretrinn i ein stadig meir globalisert økonomi. Når det i utvalet si instilling vert teke til orde for lik skattelegging av norske reiarlag som for næringslivet elles så kan det i realiteten bety ei nedbygging og nedlegging av norsk skipsfart på sikt. Skal denne næringa bestå, er det avgjerande at rammevilkåra for norsk skipsfart er i harmoni med dei andre skipsfartsnasjonane i EU.
4. Forutsigbarhet i regelverket har i mange år vore etterlyst frå denne næringa. Med Scheldrup-utvalet si instilling vert det på ny skapt usikkerheit om dei framtidige rammevilkåra for denne næringa. Skipsfarten sitt krav har i fleire år vore at ein må få på plass like rammevilkår som i EU. Bømlo kommune støttar eit slikt krav og kan av den grunn ikkje støtta fleirtalet i Scheldrup-utvalet si instilling som vil gjera dagens rammevilkår endå dårlegare.

Me synest derfor at mindretalet i utvalet i denne saka har vist ei større forståing for skipsfartens sine spesielle utfordringar. Bømlo kommune vil derfor be om at departementet i denne saka tek mindretalet sine konklusjonar til følge og syta for at norsk skipsfart får like rammevilkår som elles i Europa.